

Styremøte Sirdal bygdekvinnelag 05.10.20

Til stades: Siri Fidjeland, Anita Haugen, Tone Østtveit Kvinen, Solveig Marie Ådneram og Åse-Berit Fidjeland

Forfall: Helin Morel

Sak 13/20: Årsmøte 20.10.20

Tanken var å framskunda årsmøtet ei veke slik at ein kunne bruka kjøttet etter parteringa til utlodning og/eller premie på kvissen. Valkomiteen var klare på at dei ikkje klarer det, så møtet blir 20. oktober som planlagt.

Anita sender ut rekneskap og budsjett for 2021 til alle i styret på førehand.

Sidan det truleg er bestilt mykje kjøtt, serverer me lammegryta i samband med verdas matvaredag der òg, sjå vedlegg. Tone lagar til, og me flyttar årsmøtet til kjedlaren på Runtleneset. Anita lagar råsteikte poteter til.

Sak 14/20: Bruk heile dyret og markering av Verdás matvaredag

a) Bruk heile dyret 12.10.20

Stian Espedal kjem i 4. time måndag 12. oktober for å partera eit dyr på Sinnes skule med elevar og ev. andre interesserte som tilskodarar.

Me kan ikkje nytta kjøttet på årsmøtet, så me sel heller lodd à kr. 25,- til medlem i bygdekvinnelaget og tilsette på Sinnes skule. Gevinsten må hentast same dag. Siri legg ut på FB, medan Åse-Berit sender e-post og legg ut på heimesida, og Anita er med på loddtrekninga.

Me inviterer Sirdal media og Agder- Flekkefjord tidende.

b) Verdás matvaredag 16.10.20

Sidan det ikkje vert utdeling på Joker/GP på verdás matvaredag, samarbeider me med Sinnes skule.

Siri har bestilt kjøtt via Nortura, 18 kg frose grytekjøtt av lam m/bein. Tone hentar tysdag 6. oktober.

Åse-Berit etterlyser oppskrift m.m., og Siri finn ut kven som betalar for resten av ingrediensane. Me nyttar halvparten her og resten på årsmøtet.

Tone lagar til kjøttet til elevane, og kokar halvparten av lammegryta.

Elevane i 6. klasse lagar lammegryte av halvparten av kjøttet, og serverer til elevar og lærarar i matfriminuttet.

Sak 15/20: Anna

a) Søknad til lotteritilsynet

Sirdal BK sende søknad om å få kompensasjon for utsett basar i 2020, og fekk han stetta. Kr. 33 600,-, 60% av tapet, vil bli overført primo oktober.

b) Søknad om digitalt lån av forfattar til lesesirkelen

Lesesirkelen har fått stetta søknaden om eit digitalt møte med ein forfattar; Gert Nygårdshaug.

c) Juledekorasjonskurs

Dette er eit medlemsmøte, og kan nok gjennomførast med materialpakke til kvar deltakar. Tone sjekkar organisering og pris med Elisabeth Kronfeldt Eie